



Nordherad - utvald kulturlandskap i jordbruket Informasjonsskriv 1-2023.

**NB! Ny søknadsfrist for tilskott gjennom ordninga for utvalde kulturlandskap:
15. mars 2023.**

Det kan søkast om:

1. Tilskott til årleg drift av jordbruksareal. Gjeld alle gardsbruk med godkjent skjøtselsplan. Du må søkje om dette tilskottet kvart år gjennom AGROS. Tilskottssatsar er 100 kr/daa for fulldyrka areal og 160 kr/daa for innmarksbeite i god hevd.
2. Tilskott til ulike investeringstiltak, rydding av hamning og liknande. Sjå tabell nedanfor.

Søknader SKAL sendast elektronisk, via søknadssystemet AGROS. Når tiltaket er utført ber du om utbetalingsanmodning via AGROS. Dette gjeld og tilskott til årleg drift av jordbruksareal. Ein blir varsla via Altinn 1 måned før fristen gjeng ut. Fristen kan forlengast ved å sende ein e-post til landbrukskontoret ved Anna. Skal du ha tilskottet utbetalt på året 2023, må utbetalingsanmodning vera sendt i AGROS seinast 25.november.

Kontakt landbrukskontoret dersom du treng hjelp til å søkje! Hugs å ta med bank id dersom du kjem innom for innlogging i AGROS.

Søknader om tilskott til utvalde kulturlandskap vert handsama av Vågå kommune.

Tilskott til prosjekt i utvalde kulturlandskap blir behandla etter «Forskrift om tilskudd til tiltak i utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap». Forvaltningsplan for Nordherad gjev føringar for korleis midla skal nyttast. Ein viss prosent av tiltaka skal kontrollerast av kommunen. Ein kan derfor forvente at tiltaka skal synfarast etter at tiltaket er utført.

Tilskott og utmåling, investeringstiltak (ikkje i prioritert rekkjefylgje), med atterhald om tildeling frå staten og mange søknadar:

Kategori med eksempel	Kommentar/eksempel	Tilskottssats
1 «Bolig»: Våninghus, sel med boligstandard	Kan vurdere høgare sats for ekstra kostnader pga. antikvariske omsyn	25-35 %. Inntil kr 150 000 per bygning.
2 «Tun»: Driftsbygningar og andre bygningar som vil bli brukte i næring, kulturminne i private område		35-50 %
3 «Nærmiljø»: Andre bygningar på/nær gardstunet, tilrettelegging for ferdsel	Stabbur, tørrstugu, smie, rydding av stigar	50-60 %

4	«Landskap»: Tiltak med liten privat nytteverdi, bygningar utanfor gardstunet, kulturminne i fellesområde, rydde beite	Lyu, husmannsplass, uthus på seter, tufter, vassveiter	60-80 %
5	«Drift»: Mindre driftsmessige tiltak som fell utanom bygdeutviklingsmidlane	Driftsbygningar og andre anlegg (mekanisering, mindre ombyggingstiltak)	Inntil kr 150 000 pr. tiltak, maks. 40 %
6	Rydding av hamning		Inntil 1 000 kr/daa
7	Gjerding (gjeld landbrukseigedommar). Tilskott til nytt vanleg nasjonalgjerde med toppbord, skigard og stakittgjerde.		Inntil 100 kr/meter. Maks 500 meter per søkjar per år.
8	Tilskott til utreiing av prosjekt i næring/tilleggsnæring	Til dømes driftsplanar, utleige, turisme	Inntil kr 20 000, maks 40 %
9	Støtte til kjøp av Nofence på geit og storfe. Sjå Nofence.no for prisar og meir informasjon. Det blir løyvd kr 150 000 til Nofence i 2 år til framover. Blir det stor pågang kan ein risikere å måtte vente eit år før tilskott blir utbetala.	Søkjar må grunngje behovet og kva for bruk ein ser føre seg. Ein bind seg for at bjøllene skal nyttast innanfor UKL Nordherad i 5 år. UKL, ved styret, kan legge føringar for kva området bjøllene skal nyttast i.	Inntil kr 150 000, maks. 40 %

For eigeninnsats vert rekna 350 kr/time for eige arbeid frå eigar og vaksne medlemmar av huslyden.

Det kan godkjennast inntil kr 700 kr/time for eigne maskiner (gravemaskin, traktor m/hengar og liknande).

Har du spørsmål eller treng råd om å søkje tilskott kontakt:

Landbrukskontoret v/ Anna Bilstad (anna.bilstad@vaga.kommune.no), tilstades måndag, tysdag og onsdagar. Telefon 900 84 102.

Eller kontakt leiar i Nordheradsprosjektet, Einar Hårstad (einhaars@online.no).

